

Fra boken:

Forord	
STÅ OPP OG GÅ	
LÆR Å BEDA	
VERT EIT NYTT MENNESKJE	
GÅ DINE BRØR I MØTE	
LÆR Å ELSKA	
KOM TIL HERRENS BORD	
KLE DEG I KRISTUS	
VEGEN LIGG FRAMFOR DEG	

Tenk på deg sjølv

Kjenner du deg dragen av Gud? Gå då og set deg. I Russland hev folk ein vakker skikk: skal dei einkvan staden, set dei seg først ned ei stund i ro, utan å seia noko. Som ville dei få herredøme over andedraget sitt, koma litt til samling.

Gjer som dei. Set deg avsides, og tenk så på deg sjølv. Treng ned i hjarta ditt, og i din eigen kropp. Veggen er lang. Er det Gud du søker, kjem freden over deg i denne stundi føre vågestykket. Sidan når du til ein annan fred – men tenk ikkje på dette no.

No skal du halda opp med å fara rundt ikring. Du lyt kunne tola deg sjølv om så berre for ein augneblenk, utan straks å ville røra på deg. Kvess øyro. Kvess hjarta! Eg veit at det kan gjera vondt. Stå mot. Ver ikkje utolsam. Du er ikkje på jakt, du ventar på Gud. Kle av deg, litt om senn – som om du ynskte bada på ein solvarm sumardag. Skund deg ikkje. Gjev deg tid.

Kvil deg ut

Ved Herrens bord hev du nådd høgt. Så høgt at du kan skoda ut over alle desse sår og krenkjingar som høyrer vegen til. Andedraget ditt vert roa ned, musklane strammar ikkje meir. Ved Herrens bord skal du syngja som ein from jøde under sabbatsmålet. Ljosa speglar seg i augo dine. Herren er din hyrde. Inkje vantar deg.

Såra gror. Hjarta jublar. Alt lekamleg kviler i tiltru til honom. Sæle er dei som elsker den levande Guds lov.

Gjev svar med alt du er

Du kan vanskeleg tenkja deg anna enn at tru er å ha ei særleg oppfatning. Alt peikar i den lei. Ord som «karisma» og «tru» er no på moten. Ein finn dei like ofte i politikken som i vitskap og kultur. Men trui på Kristus – di tru – er noko anna. Den er svaret ifrå hjarta, sjel og tilvær på hans ord. Du kan ikkje føra prov for det, men du veit at han ikkje lyg. Å tru er å gjeva sitt ja til Kristus.

Tak mot Den heilage Ande

Påske og Ande høyrer saman. Det er noko du ser av evangeliet – og sjølv kjenner i hjarta. Ein treng ikkje vera eit flogvit for å fatta evangeliet. Lyd til den oppstandne. Sjå kva verknad Anden hev: det er Kristus som gjev oss sin Ande – men Anden let oss verta Kristus lik. I hjarta ditt vert denne rørsla frå den eine til den andre omvandla til eld, og fører deg til Faderen. Frå no av skal du nemna Gud ved namn: Fader, Son og Heilag Ande. Dette er ikkje mystikk. Det er namnet hans.